

Valentourettes, bandet som spelar klassikarar frå Jokke & Valentinerne, opnar sommars Festidalen med tydeleg vorspielstemning. Eva & The Heartmaker smeltar hjarter midt i programmet og Sivert Høyem får æra av å avslutta mjukt og deileg i det laurdag bikkar til søndag. Plakaten for Festidalen 2014 er snart klar

Frå før er Monica Heldal, Dumdum Boys, Lemaitre og Tønnes hanka inn til festivaljordet 1.-2. august. Mykje bra så langt, men framleis står det att to opne plassar i programmet.

Dei fleste med sans for norsk musikk kjenner godt til grøftepoeten Joachim 'Jokke' Nielsen og dei ulike bandkonstellasjonane han putla med før han tok sin siste slurk i år 2000. Mannen vart berre 36 år, men var allereie ein legende i det norske musikkmiljøet. Låtane hans har i fleire tiår vore sunge med engasjement på vorspiel landet rundt.

No får altså publikum moglegheit til å svinga koppen til mellom anna 'Sola skinner,' 'To fullemenn,' og 'Her kommer vinteren.' Bandet Valentourettes består av tidlegare bandmedlemmer av Jokke og sterke musikarar frå miljøet rundt. Dei leverer autentisk Jokke-stemming og garanterer å få sving på festen.

Eva & The Heartmaker har med sine tre plater begeistra både radiolyttarar og konsertpublikum stort. Dette er pop i toppsjiktet, og no kjem dei for å dansa inn festidalentilskodarane. Ho har hattein haug med radiohitar, tv-opptredenar og store konsertar. Me er trygge på at 'Joanna,' 'Signals,' og 'Gone In A Flash' vil friska opp solbrente kroppar. Pop-dronninga leverer alltid varene.

Noregs djupaste, varmaste, og mest sexy røyst tilhøyrar Sivert Høyem. Denne karen har Festidalen ønska seg lenge. Og no kjem han, med eit fabelaktig band i ryggen. Etter Madrugada- epoken har han med sine fem soloalbum bevist at stempellet 'musikkgeni' er velfortent. Han har turnert inn-og utland og visar seg i dag som ein av Noregs desidert heitaste artistar.

Klangen av Sivert si barytonrøyst som rullar mellom fjella våre er ei kjærleikserklæring frå Festidalen til folk og fe på og kring jordet. Etter ei fyldig festivalhelg, trur me at dette vert ei magisk avrunding. Bli med på herlegdomen!

Tekst: Festidalen
NETT; Ola Matti Mathisen